



SAKSFRAMLEGG

Tysnes kommune

GODKJENNING AV KOMMUNEVÅPENET TIL TYSNES KOMMUNE

Sakshandsamar: Kåre Martin Kleppe

Arkivsak : 20/102 -
Arkivkode: 011

Vedlegg: Fargekorder

SAKSUTGREIING:

Tysnes kommune har ikkje eit formelt godkjent kommunevåpen. Dette har ikkje ført til særskilte avgrensingar utover dei avgrensingar som følgjer av flagglova om at kommunen berre har høve til å flagga med kommuneflagg godkjent i kongelig resolusjon. Dei nye reglane for godkjenning av kommunevåpen tredde i kraft frå årsskifte til 2018. Det nye regelverket inneber at den statlege godkjenninga av kommunale flagg og våpen er oppheva og at kommunestyre får eksklusiv kompetanse til å vedta flagg og våpen.

På bakgrunn av dette, vart det lagt opp til at kommunestyret skulle formelt godkjenne kommunevåpenet i kommunestyret 12. februar 2018. I denne runden vart det drøfta om Tysnes kommune burde ta inn det motivet frå det originale Onarheimsseglet, og saka vart difor utsett.

«VEDTAK I KOMMUNESTYRET 13.02.2018:

1. Kommunestyret utsett godkjenning av kommunevåpenet til Tysnes kommune.
2. Kommunestyret ber administrasjonen ta kontakt med fylkeskommunen for å utgreia moglegheita til å nytta det opphavlege Onarheimsseglet i kommunevåpenet til Tysnes kommune.
3. Kommunestyret ber om at saka blir tatt opp til ny handsaming når ein har avklart punkt 2 i vedtaket.»

Hordaland fylkeskommune vart 1. januar 2020 ein del av Vestland fylkeskommune, då dei slo seg saman med Sogn og Fjordane. Motivet er difor ikkje lenger i bruk. Intensjonen om å godkjenna kommunevåpen for Tysnes kommune med det eine aller andre alternativet er difor

ikkje lenger i strid med nokon av punkta i §3-2 i kommunelova, som omhandlar kommunevåpen og kommuneflagg.

§ 3-2. Kommunevåpen og kommuneflagg

Kommunestyret fatter selv vedtak om kommunevåpen og kommuneflagg.

Fylkestinget fatter selv vedtak om fylkesvåpen og fylkesflagg.

Kommunale og fylkeskommunale våpen og flagg skal ikke kunne forveksles med eksisterende kommunale eller fylkeskommunale våpen eller flagg, andre kjennetegn som er omfattet av straffeloven § 165 bokstav b eller § 166, et statsflagg eller noe som kan oppfattes som slike kjennetegn eller flagg.

Kommunen og fylkeskommunen skal uten ugrunnet opphold sende vedtak om kommunale eller fylkeskommunale våpen og flagg til Arkivverket. Arkivverket skal publisere mottatte våpen og flagg uten ugrunnet opphold. Departementet kan gi forskrift om innsendingen og publiseringen.

På bakgrunn av dette gjorde kommunestyret i desember 2019 følgende vedtak.

VEDTAK I KOMMUNESTYRET 17.12.2019:

1. Kommunestyret har som mål å godkjenne kommunevåpen for Tysnes kommune før sommaren 2018.
2. Det skal lagast to alternativ for motiv i kommunevåpenet. Eit som har likt motiv som dagens kommunevåpen, og eit med det originale motivet frå Onarheimsseglet. Motivet som Hordaland fylkeskommune har nytta på sitt fylkeskommunevåpen.
3. Det skal gjennomførast høyring før endelig godkjenning av kommunevåpenet.
4. I etterkant av at kommunestyret godkjenner kommunevåpenet, skal det bestillast flagg til flaggstanga utanfor Rådhuset.
5. Prosess med slagord startar opp etter at kommunevåpen er godkjent

På bakgrunn av dette, blir det lagt fram to alternativ til kommunevåpen for godkjenning:

Alternativ 1

Alternativ 1 er dagens kommunevåpen, på blå grunn to sølvfarga kryssede økser med sparre over. Motivet symboliserer at Tysnes holdt Olavsgildet.



Alternativ 2

Alternativ 2 er dagens kommuneskjold med motivet frå Olavsgildet, som Hordaland Fylkeskommune har nytta fram til 200, på blå grunn to sølvfarga kryssede økser med krone over. Motivet kjem frå eit segl funnet etter Olavsgildet på Onarheim.



Fargekodane som tradisjonelt vert nytta ligg vedlagt saka.

INNSTILLING FRÅ ORDFØRAR

1. Tysnes kommune ynskjer å godkjenne kommunevåpen alternativ 2, på blå grunn to sølvfarga kryssede økser med krone over. Motivet kjem frå eit segl funnet etter Olavsgildet på Onarheim.
2. Heraldiske fargar som skal nyttast er blå og sølv
I pantone fargar skal det nyttast «Prosess Blue» og kvit.
I CMYK fargar skal det nyttast fargekodane 100-13-1-3 og 0-0-0-0
3. Avgjerdsla skal sendast på open høyring, slik at ein kan få innspel frå innbyggjarane i Tysnes kommune.
4. Endelig avgjersle skal gjerast i kommunestyret 7. mai